



Saksnr  
16/664-15

Løpenr  
3091/19

Arkivkode  
B12

Avd/Sek/Saksh  
OPP/OPP/KN

Dykkar ref

## **KRINSGRENSER - FØRESKRIFT OM SKULEKRINSGRENSER - FRAMLEGG**

### **Føreskrift om skulekrinsgrenser, Klepp kommune, Rogaland**

#### **Kapittel 1. Føremål, virke og ansvar.**

##### **§ 1-1. Føremål**

**Sikra alle elevar i Klepp kommune skuleplass i samsvar med § 8 – 1 i Opplæringslova.**

Føreskrifta skal syta for rask, forutseieleg og likeverdig behandling av søknad, vedtak og klager på tildeling av skuleplass.

##### **§ 1-2. Virkeområde**

Føreskrifta omfattar alle barn, busette i Klepp kommune som har rett til og plikt til grunnskuleopplæring etter opplæringslova § 2-1.

##### **§ 1-3. Ansvar**

A: Rådmannen har overordna ansvar for å ivareta denne føreskrifta.

B: Rektorane har ansvar for opptak av elevar med bustadsadresse innan eigen

skulekrins, slik han er definert i denne føreskrifta.

C: Skulesjefen gjer vedtak i søknader om å gå på skule utanfor opprinneleg skulekrins, og i alle klager på bakgrunn av denne føreskrifta.

D: Skulesjefen syter for at informasjon, tidsfristar og nødvendige skjema ligg tilgjengelege på kommunen sine heimesider.



## **Kapittel 2. Skulekrinsane.**

### **§ 2-1. Skulekrinsar for barnetrinn 1-7**

Klepp kommune har 6 skular med barnetrinn 1-7: Bore, Engelsvoll, Kleppe, Kleppeloen, Orre og Tu skular.

Alle bustadsadressar i kommunen soknar til ein bestemt skulekrins i høve til oversikten over inntaksområde/krinsgrenser vist på vedlagde kart.

### **§ 2-2. Skulekrinsar for 1-10 skular**

Klepp kommune har ein 1-10 skule: Orstad skule. Skulen har same opptaksområde for både barnetrinn og ungdomstrinn.

### **§ 2-3: Skulekrinsar for ungdomstrinn**

Klepp kommune har tre ungdomsskular: Klepp, Bore og Vardheia ungdomsskular. Vardheia ungdomsskule er i samarbeid med Time kommune.

Elevar som er busette i heimar som høyrer til Engelsvoll skule og Horpestad og Kleppe skular med gjeldande krinsgrenser per 01.08.19, eller som tidlegare har fått skulebyte til ein av desse skulane, soknar til Klepp ungdomsskule.

Elevar som er busette i heimar som høyrer til Bore skule med gjeldande krinsgrenser per 01.08.19, eller som tidlegare har fått skulebyte til denne skulen, soknar til Bore ungdomsskule.

Elevar som er busette i heimar som høyrer til Orre og Tu skular, eller som tidlegare har fått skulebyte til ein av desse skulane, soknar til Vardheia ungdomsskule.

### **§ 2-4. Vedlikehald om lokal føreskrift om skulekrinsar**

Rådmannen har ansvar for å laga oversikt over forventta elevtal, både kortsiktig og langsiktig gjennom framskrivne prognosar, slik at eventuelle krinsgrensejusteringar kan gjerast så skånsomt som mogeleg.

## **Kapittel 3. Vedtak om skuleplass.**

### **§ 3-1. Adresse i folkeregisteret**

Alle elevar får første skuleplass ved den skulen som eleven soknar til ut frå den adressa som barnet står registrert med i folkeregisteret.

### **§ 3-2. Tilflyttande elevar**

Tilflyttande elevar får skuleplass ved den skulen som dei soknar til ut frå denne føreskrifta.

### **§ 3-3. Skuleplass utanfor skulekrinsen**

Skulesjefen gjer vedtak om skuleplass utanfor skulekrinsen etter søknad. Om det skal gjevast slikt løyve, skal det føreliggja særlege omsyn. Elevar kan få løyve om skuleplass utanfor skulekrinsen når det kan grunngjevast med:

- A: Eleven har søsken ved ein skule utanfor skulekrinsen
- B: Eleven har særskilte behov av sosial karakter
- C: Eleven har farleg skuleveg, og vil få tryggare skuleveg ved skuleplass utanfor skulekrinsen
- D: Eleven har flytta ut av krinsen og ønskjer å halda fram skulegangen ved opprinneleg skule for å oppretthalda sosiale relasjonar

Dersom eleven, etter søknad, får gå på skule i ein annan skulekrins enn den eleven er folkeregistrert i, fell retten til gratis skuleskyss bort.

### **§ 3-4. Byte av skule som følgje av adresseendring**

Dersom flytting internt i kommunen fører til at eleven soknar til ein annan skulekrins, pliktar føresette umiddelbart å gje skulen melding.

Når ein elev melder flytting ut av skulekrinsen, skal tidlegare skule melda skulen som vert ny skule etter denne føreskrifta.

Ved flytting kan det søkjast om skulegang ved tidlegare skule eller annan skule ut frå særlege tilhøve. Skulesjefen handsamar eventuelle søknader. Ingen elevar kan byrja på ny skule før det er gjort vedtak, og føresette har godtatt vedtaket og klagefristen har gått ut. Dersom føresette klagar på eventuelt vedtak, eller søkjer om skulegang ved annan skule, held eleven fram på tidlegare skule til saka er sluttbehandla.

### **§ 3-5. Utsetjing eller framskunding av skulebyte som følgje av adresseending**

Elevar kan søkja om utsett skulebyte til inneverande skuleår er fullført. Skulesjefen gjer vedtak i samråd med skulane som det gjeld. Eit slikt vedtak opphevar ikkje retten om å høyra til ein ny skulekrins, men utset iverksetjing. Dersom det er ønskjeleg at elevar byrjar på ny skule før eleven faktisk har flytta, må dette sjåast som søknad om skulegang ved annan skule. Skulesjefen handsamar slike søknader, jf § 3-3

### **§ 3-6. Vedtak om skulebyte som tiltak etter opplæringslova § 8-1 fjerde ledd**

Dersom det er nødvendig at ein elev byter skule for å ivareta andre elevar sine rettar etter opplæringslova § 9a-1, gjer skulesjefen vedtak om dette med heimel i opplæringslova § 8-1, fjerde ledd. Vedtaket vert gjort i tråd med reglane om einskildvedtak i forvaltningslova. I vedtaket skal det opplysast om arbeid som den einskilde skulen har gjort på førehand.

### **§ 3-7. Vedtak om skulebyte som tiltak etter opplæringslova kapittel 9a.**

Dersom det er nødvendig at ein elev byter skule for å få oppfylt retten sin til eit godt fysisk og psykososialt miljø etter opplæringslova § 9a-1, gjer skulesjefen vedtak om skulebyte etter opplæringslova §9-3a. Vedtaket vert gjort i tråd med reglane om einskildvedtak i forvaltningslova. I vedtaket vert det opplyst om arbeid som den einskilde skulen har gjort på førehand.

## **Kapittel 4. Ulike avgjerder.**

### **§ 4-1. Avgjerd om ikraftsetjing**

Denne føreskrifta er gjeldande frå 1. august 2021.

### **§ 4-2. Klagebehandling**

Alle einskildvedtak om skuleplass og avslag på søknader om skulegang ved annan skule kan påklagast i tråd med forvaltningslova om klage på einskildvedtak, jf opplæringslova § 15-1. Klagefristen er tre veker etter motteke vedtak.

Skulesjefen handsamar alle klager på vedtak eller avslag på søknader om skuleplass. Dersom skulesjefen opprettheld opprinneleg vedtak, vert saka send over til Fylkesmannen i Rogaland som gjer endeleg vedtak.

Vedlegg: Kart med krinsgrenser per 01.08.21

Trond Roy Pedersen  
kommunalsjef

Knut Norddal  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.*

Kopi til: